


## Samansette ord



Til lærar: Forklaring til oppgåva ligg i ppt-en

Samansett ord	Forklar ordet
Refleksvest	Ein vest med refleksar på.
1. vest	
2. refleks	
Campingplass	
1.	
2.	
Politimann	
1.	
2.	
Overlevingskurs	
1.	
2.	
Redningsmannskap	
1.	
2.	



## Samansette ord

Set strekar mellom ord som høyrer saman.

Finn dei i teksten og les dei der.

camping		mark
politi		kurs
øyde		mønster
bort		plass
overlevings		mannskap
tanke		komne
rednings		mann

## Klipp ut og lag samansette ord

<b>mann</b>	<b>mann</b>	<b>mann</b>	<b>skap</b>	<b>skap</b>	<b>rik</b>
<b>tur</b>	<b>mann</b>	<b>komen</b>	<b>leite</b>	<b>rednings</b>	<b>farge</b>
<b>skap</b>	<b>politi</b>	<b>bort</b>	<b>leve</b>	<b>over</b>	<b>klede</b>



# Lydrette og ikkje-lydrette ord

Nokre av orda nedanfor er lydrette, medan nokre er ikkje-lydrette. Skriv orda på rett plass i tabellen, og forklar kva som ikkje er lydrett i dei ikkje-lydrette orda?

Det, vanskeleg, mat, som, ekstra, med, fordi, klede, hjelp, hald

Lydrette ord	Ikkje-lydrette	Kva er ikkje-lydrett





# Setningspuslespel

1. Klipp opp setninga i ord- og teiknlappar.
2. Forklar kva setninga betyr.
3. Byt om på orda utan at setninga endrar mening.
4. Bruk alle orda kvar gong!
5. Legg merke til ord som «følgjer kvarandre rundt» og kan liggje tettare saman.
6. Les orda som høyrer saman, med god flyt.
7. Snakk med læraren om kva slags ord det er i setninga.
8. Lag eit spørsmål til kvart setningsledd, og les svaret.

Leitemannskap frå Røde Kors finn kvart år folk som har gått seg bort.

# Hugs å lese endingane

Når vi les, er det viktig å lese heile ordet, også endingane. Ei setning kan bli feil eller uforståeleg om du ikkje les endingane rett. Guten er ikkje det same som gutane.

Både substantiv og verb blir bøygde og får ulike endingar. Eit substantiv i eintal og eit substantiv i fleirtal er ikkje det same. Substantiv endrar meining når dei blir bøygde.

Bøy desse substantiva frå teksten:

Eintal		Fleirtal	
ubunden form	bunden form	ubunden form	bunden form
person			
leitemannskap			

Bøy desse verba frå teksten:

infinitiv	presens	preteritum	Presens perfektum
å vere			
å gjere			
å gå			
å springe			



